


VESTNES
KOMMUNE

Eigarskapsmelding 2021



Innhald

Innleiing	3
DEL 1: Overordna eigarskapspolitikk	4
1. Motiv for selskapsdanning og eigarskap	4
1.1 Finansielle motiv.....	4
1.2 Effektivisere tenesteproduksjon.....	4
1.3 Samfunnsøkonomiske motiv	4
1.4 Regionalpolitisk posisjonering	4
1.5 Politisk motiv	4
2. Oversikt over ulike selskapsformer	5
2.1 Kommunale føretak (KF).....	5
2.2 Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap.....	6
2.3 Vertskommunesamarbeid	6
2.4 Interkommunalt selskap (IKS).....	7
2.5 Samvirkeføretak (SA)	8
2.6 Aksjeselskap (AS)	8
2.7 Stiftelsar.....	9
2.8 Viktige vurderingar ved val av selskapsform	10
3. Eigarstyring	11
3.1 Prinsipp for eigarstyring	11
3.2 Formelle eigarorgan	12
3.3 Prinsipp for politisk og administrativt utøving av eigarrolla	13
3.4 Oppfølging og kontroll.....	14
DEL 2: Oversikt over kommunen sine eigarskap.....	15
5. Aksjeselskap.....	15
5.1 Vestnes Energi AS	15
5.2 Tremek AS.....	15
5.3 Astero AS	16
5.4 Kristiansund og Nordmøre næringsforum AS.....	16
5.5 Møreaksen AS.....	16
5.6 Molde Lufthavnutvikling AS.....	17
5.7 Visit Nordmøre & Romsdal AS.....	17
5.8 Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS	17
5.9 Eksportvegen AS	18
5.10 Muritunet AS	18

5.11 Samspleis AS	18
6. Vertskommunesamarbeid	19
6.1 Tøndergård skole og ressurscenter	19
6.2 ROR-IKT	19
6.3 Barnevernstenesta i Molde kommune	19
6.4 Ålesund Interkommunal legevakt.....	20
7. Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap.....	20
7.1 Romsdal regionråd.....	20
7.2 Romsdal Interkommunale Utvalg mot Akutt forurensning (RIUA).....	21
7.3 Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	21
8. Interkommunale selskap (IKS)	22
8.1 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS	22
8.2 Gassror IKS.....	22
8.3 Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM IKS)	23
8.4 Molde og Romsdal Havn IKS	23
8.5 Krisesenteret for Molde og omegn IKS.....	24
8.6 Sunnmøre regionråd IKS.....	24
9. Samvirkeføretak (SA)	25
9.1 Møre og Romsdal Revisjon SA	25
9.2 Biblioteksentralen SA.....	25
9.3 Vassverk.....	26

Innleiing

Vestnes kommune si eigarskapsmelding skal vere eit verktøy for kommunestyret til å kunne utøve målretta, føreseieleg og langsiktig eigarskapspolitikk. Eigarmeldinga skal bidra til god politisk styring og kontroll, samt gi rammer for korleis kommunen skal utøve sitt eigarskap.

Det er viktig at kommunestyret utøver eit aktivt og godt eigarskap som sikrar at målsettingane med ei organisering utanfor den ordinære kommunale verksemd blir utvikla i tråd med kommunen sine interesser og målsettingar. Ei eigarskapsmelding skal gi oversikt og kunnskap om kommunen sine eigarinteresser til kommunestyret, men også sikre openheit og innsyn for innbyggerane og samfunnet elles. Ved behandlinga av eigarskapsmeldinga får og kommunestyret moglegheit til å drøfte om kommunen framleis skal vere eigar eller deltakar i dei ulike selskapa.

Ein tydeleg eigarstrategi er viktig og nødvendig både for politikarane generelt og dei som blir valt til å representere kommunen i dei ulike selskapa. Kommunalt eigarskap i ulike selskap og forvaltning av desse påverkar kommunen sitt omdømme. Viktige verdiar, interesser og funksjonar blir forvalta gjennom selskapa. Prinsipp og retningslinjer for eigarstyring, rammer for utøving av eigarskap i dei ulike selskapsformene, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging er difor viktig.

Kommunen har etter kommunelova stor friheit til å organisere tenester slik den finn det hensiktsmessig, og det kan vere ulike grunnar til at Vestnes kommune har valt å organisere delar av kommunen si verksemd i ulike organisasjonsformer. Ved etablering av andre selskapsformer blir vilkåra for styring og kontroll endra. Kommunestyre får ei eigarrolle. Styring av verksemda må skje gjennom eigarorganet, som er generalforsamling (AS), representantskap (IKS) eller årsmøte (SA).

Etter den nye kommunelova skal kommunar minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal bli vedtatt av kommunestyret. Eigarskapsmeldinga skal etter kommunelova §26-1 innehalde:

- a) Kommunen sine **prinsipp** for eigarstyring
- b) Ei **oversikt** over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- c) Kommunen sitt **formål** med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemd nemnt i bokstav b.

Eigarskapsmeldinga er delt inn i to delar. Del 1 er overordna og prinsipiell, og tydeleggjer prinsippa for kommunen sin eigarskapspolitikk. Eigarskapspolitikken omfattar alle system, prinsipp, retningslinjer og rutinar som skal bidra til at kommunen realiserer måla med selskapsorganiseringa. Del 2 gir ein oversikt over Vestnes kommune sine eigarposisjonar og nærmare omtale om formål og eigarstrategi for kvart enkelt selskap.

DEL 1: Overordna eigarskapspolitikk

1. Motiv for selskapsdanning og eigarskap

Kommunen har ulike motiv for å opprette selskap eller gå inn i ei etablert selskapsordning. Denne eigarskapsmeldinga tek utgangspunkt i ein føresetnad om at når kommunen etablerer eit selskap eller føretak, eller går inn som medeigar eller deltakar saman med andre, gjer kommunen det for å oppnå noko. Motiv og mål med selskapet får følgjer for korleis ein vil innrette eigarstyringa.

Det finnes fleire måtar å dele inn motiv for selskapsdanning på. Motiva som er lagt til grunn i Vestnes kommune si eigarskapsmelding er nærare beskrive under.

1.1 Finansielle motiv

Hovudmotivet for eigarskap er økonomisk avkastning, eller å avgrense økonomisk risiko. Ofte handla finansielt motivert eigarskap om at kommunen har gått inn som heil- eller deleigar i selskap der private har trekke seg ut, eller fordi kommunen har vore den einaste aktøren med tilgang på kapital. Eit aksjeselskap vil normalt vere mest aktuelt når kommunen har eit reint finansielt motiv for sitt eigarskap.

Kommunen kan også velje å organisere verksemda i eit selskap for å avgrense økonomisk risiko. Etter aksjelova er kommunen sitt økonomiske ansvar ved ein eventuell konkurs/avvikling avgrensa til innskott aksjekapital.

Å ha eit finansielt formål er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og kor bedriftsøkonomiske vilkår for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

1.2 Effektivisere tenesteproduksjon

Hovudmotivet for eigarskapet er å oppnå ein meir kostnadseffektiv tenesteproduksjon og/eller betre kvalitet på tenestene gjennom å samarbeide med andre. Dersom samarbeidet skal omfatte medeigarar som ikkje er kommunar eller fylkeskommunar, er det vanleg å etablere eit aksjeselskap. Dersom alle eigarane er kommunar eller fylkeskommunar kan eit IKS (interkommunalt samarbeid) vere eit alternativ. Eit slikt samarbeid vil kunne gi moglegheit for tenester som enkeltkommunar ikkje ville greidd like godt åleine.

1.3 Samfunnsøkonomiske motiv

Hovudmotivet for eigarskapet er at kommunen ønskjer å oppnå eit meir samfunnsøkonomisk resultat og gjennomføring av oppgåver. Dette kan vere oppgåver som ikkje er samfunnsøkonomisk lønnsame, men som samfunnet ønsker å løyse innafør ein forretningsmessig modell. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysing vil stå sentralt i denne typen selskap.

1.4 Regionalpolitisk posisjonering

Hovudmotivet for eigarskapet er å styrke regionen sin posisjon og moglegheit til å gjennomføre oppgåver i forhold til andre regionar og nasjonalt. Her kan posisjonering for å utløyse statlege midlar og prioriteringar vere ein del av grunngevinga.


1.5 Politisk motiv

Hovudmotivet for eigarskapet er eit strategisk val om å posisjonere kommunen eller regionen. Ved politisk eigarskap vil selskapet vere eit gjennomføringsorgan for politiske målsetjingar, og eigarskapet vil ha karakter av ein «strategisk» investering for kommunen. For offentlege eigarar kan den samfunnsmessige verdiskapinga vere formålet bak investeringa.

2. Oversikt over ulike selskapsformer

I dei tilfella der selskapsdanning er aktuelt, står kommunen i prinsippet fritt til sjølv å velje selskapsform, så fram det ikkje følger avgrensingar i lover og forskrifter for oppgåveområdet. Før det blir avgjort kva selskapsform som er den mest formålsteneslege i forhold til dei motiv kommunen har lagt til grunn for selskapsdanninga, må det gjerast ein rekkje avgrensingar. Vurderinga må gjerast med tanke på om selskapsforma står i forhold til dei oppgåver og funksjonar selskapet er tenkt å utføre, og kva for rammer selskapet treng.

Kommunar og fylkeskommunar kan utføre felles oppgåver gjennom eit interkommunalt samarbeid. I følge kommunelova §17-1 kan eit interkommunalt samarbeid skje gjennom eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeføretak, ei foreining eller på anna måte som det er rettsleg tilgang til. Nedanfor illustrerer figuren i kor stor grad kommunestyret kan utøve styring og kontroll ved ulike organisasjonsformer.



2.1 Kommunale føretak (KF)

Kommunalt føretak er heimla i kommunelova kapittel 9. Juridisk sett er eit kommunalt føretak ein del av kommunen og ikkje eit eige rettssubjekt. Modellen er eigna til å skape ein noko større grad av sjølvstendigheit for verksemda i ein kommune. Selskapsforma er utfordrande med tanke på styring sidan det skal fristillast, men samtidig vere kommunen sitt fulle ansvar.

Det kommunale føretaket er ein del av kommunen og er dermed underlagt kommunestyret. Eit kommunalt føretaket skal ha vedtekter og eit styre som blir oppnemnd av kommunestyret. Det er styret i føretaket som tilset dagleg leiar. Som ein del av kommunen er føretaket underlagt kommunestyret sitt budsjettmynde. Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde innanfor styret sitt myndigheitsområde, men kan pålegge dagleg leiar å utsette iverksettinga av saker inntil kommunestyret har behandla dei.

Eventuelle tilsette er formelt sett tilsett i kommunen. Det er dagleg leiar som har det overordna ansvaret for dei tilsette i det kommunale føretaket.

Vestnes kommune har ingen tenester organisert i kommunale føretak.

2.2 Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap

Ved kommunelova av 2018 blei reglane om samarbeid etter § 27 erstatta av to nye organisasjonsformer: interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefellesskap. Interkommunalt samarbeid organisert etter den gamle kommunelova § 27 må vere omdanna til ein lovleg samarbeidsmodell innan 2024. Samarbeidet vert sett på som oppløyst dersom det ikkje er omdanna innan fristen. Kommunestyret skal sjølv treffe vedtak om omdanning og vedta ny samarbeidsavtale.

Etter den nye kommunelova kan to eller fleire kommunar eller fylkeskommunar saman opprette eit interkommunalt politisk råd (§ 18) eller eit kommunalt oppgåvefellesskap (§ 19). Denne type selskapsform kan behandle saker som går på tvers av kommune- eller fylkesgrensene. Selskapet kan ikkje bli gitt mynde til å treffe enkeltvedtak. Likevel kan det bli gitt mynde til å treffe vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar.

Det skal vere inngått ein skriftleg avtale mellom partane som saman utgjer rådet/oppgåvefellesskapet og denne må bli vedtatt av alle kommunestyra/fylkesting som deltek i samarbeidet. Representantskapet er det øvste organet i selskapet. Alle deltakarar skal vere representert med minst eit medlem i representantskapet. Den enkelte deltakar har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av selskapet sine forpliktingar.

Vestnes kommune er deltakar i Romsdal Regionråd, Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal og Romsdal interkommunale utvalg mot akutt forurensning (RIUA).

2.3 Vertskommunesamarbeid

Vertskommunesamarbeid er heimla i kommunelova kapittel 20, og er eigna når to eller fleire kommunar ønsker å samarbeide om lovpålagte oppgåver og utøving av offentleg myndigheit. Det er berre kommunar som kan samarbeide på denne måten. Kapittel 20 gir rammar for to typar samarbeid: administrativt vertskommunesamarbeid (§ 20-2) og vertskommunesamarbeid med felles folkevalt nemnd (§20-3). Det skal ligge ein skriftleg avtale til grunn for samarbeidet, og det er formelle krav til kva denne skal innehalde.

Administrativt vertskommunesamarbeid inneber at vertskommunen skal utføre oppgåver og treffe avgjerder etter delegert mynde frå samarbeidskommunane i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell betydning. Formelt skjer dette ved at kommunestyra i dei samarbeidande kommunane instruerer eigen kommunedirektør om å delegere fullmakt til kommunedirektøren i vertskommunen. Vertskommunesamarbeid med felles folkevalt nemnd inneberer at kommunane opprettar ei felles nemnd hos vertskommunen med minimum 2 deltakarar frå kvar kommune. Deltakarkommunane kan delegere mynde til nemnda til å treffe vedtak også i saker av prinsipiell betydning. Nemnda kan delegere mynde til vertskommunen sin administrasjon til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Vertskommunesamarbeid medfører at ansvaret for å løyse oppgåver og treffe avgjerder blir overført frå ein kommune til ein annan, men det blir ikkje oppretta noko eige rettssubjekt. Oppgåvene blir samordna i vertskommunen sin organisasjon, eventuelt tilsette blir overført til vertskommunen etter prinsippa om verksemdsoverdraging. Vidare oppfølging, inklusive rekneskap og rapportering, skjer som ein del av vertskommunen sine system for styring og kontroll. Forvaltnings- og offentlegheitslova gjeld på vanleg måte for saksbehandling og offentleg innsyn.

Vertskommunesamarbeid etter §§ 20-2 og 20-3 kan bli oppløyst med augeblikkeleg verknad dersom alle deltakarane er einige om dette. Elles er oppseiingstida eitt år, anna oppseiingstid kan avtalast i samarbeidsavtalen.

Vestnes kommune er deltakar i følgjande vertskommunesamarbeid: Tøndergård skole og ressurscenter, ROR-IKT, Barnevernstenestene og Interkommunal legevakt.

2.4 Interkommunalt selskap (IKS)

Interkommunale selskap (IKS) er heimla i Lov om interkommunale selskaper, som trådte i kraft i 1999. Som det går fram av namnet, er interkommunale selskap (IKS) eigd av fleire kommunar i fellesskap. Eit interkommunalt selskap er eit eige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilt frå deltakarkommunane. Eit særtrekk ved interkommunale selskap er at kvar av deltakarane har avgrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar, etter ei fordeling nedfelt i selskapsavtalen. Interkommunale selskap kan difor ikkje gå konkurs slik aksjeselskap kan. Dette er den viktigaste forskjellen mellom interkommunale selskap og aksjeselskap der deltakeransvaret er avgrensa til innskoten aksjekapital.

Det er berre kommunar, fylkeskommunar og andre IKS som kan vere medeigarar. IKS er meint som ein organisasjonsmodell for offentleg oppgåveløysing med eit visst forretningsmessig preg.

Det øvste styringsorganet i eit IKS er representantskapet. Alle deltakarar skal ha minst eit medlem i representantskapet. Kommunestyret oppnemner medlemmene og har instruksjonsrett overfor sine representantar. Representantskapet er eigarane sitt organ, og deltakarkommunane sitt eigarmynde vert utøvd av representantskapet.

Det er representantskapet som vel styret for eit IKS. Styret har ansvaret for forvaltninga av selskapet og skal sørge for ei tilfredsstillande organisering av verksemda. Styret skal sørge for at verksemda blir driven i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtalen, årsbudsjett og andre


vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet. Styret skal og sørge for at bokføringa og forvaltninga av formuen er gjenstand for forsvarleg kontroll, og føre tilsyn med dagleg leiar si leing av verksemda.

Dei tilsette har selskapet som arbeidsgivar og dagleg leiar som øvste administrative leiar. Ansvaret for arbeidsgivarpolitikken for selskapet ligg vanlegvis til styret. Lov om interkommunale selskaper regulerer tilsette sin representasjon i styret.

IKS fører rekneskap etter regnskapsloven dersom det ikkje er bestemt i selskapsavtalen at ein skal følgje prinsippa for kommunal rekneskapsføring.

Offentleglova omfattar sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte eig meir enn 50 %. Det er ope for unntak for rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med, og på same vilkår som private. Eit IKS er per definisjon omfatta av offentleglova og må fortløpande vurdere om det oppfyller krava til unntak som følgje av konkurranse.

Vestnes kommune er eigar i følgjande interkommunale selskap: IKA Møre og Romsdal, GassROR, Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap, Molde og Romsdal Hamn, Krisesenteret for Molde og Omegn, og Sunnmøre regionråd.



2.5 Samvirkeføretak (SA)

Eit samvirkeføretak inneber ei samanslutning med hovudformål å fremme medlemmene sine økonomiske interesser ved at desse deltek i føretaket si verksemd enten som forbrukar, leverandørar eller på annan liknande måte. Samvirkeføretak er basert på medlemskap, ikkje eigarskap. Hovudprinsippet er at dei som dreg nytte av verksemda også skal ha styring med den og ta del i eventuelt overskott. Ingen av medlemmane ber personleg ansvar for føretaket sine forpliktingar.

Eit samvirkeføretak må alltid bli stifta av minst to personar og skal alltid ha minst to medlemmar. Både fysiske og juridiske personar kan vere stiftar. Stiftarane har plikt til å utarbeide stiftingsdokument med vedtekter. Lova stiller krav til kva stiftingsdokumentet og vedtektene minst skal innehalde. Det vert ikkje stilt noko krav til minstekapital ved stiftelse av eit samvirkeføretak. Stiftarane kan likevel bestemme at det skal betalast innskottskapital.

Samvirke er basert på demokratisk styring gjennom årsmøtet, som er selskapet sitt høgaste organ, og tilsvara i stor grad generalforsamlinga i eit aksjeselskap. Eit samvirkeføretak skal ha eit styre på minst tre medlemmar, med mindre vedtektene bestemmer at det berre skal vere to. Eit samvirkeføretak skal ha ein dagleg leiar, med mindre vedtektene seier noko anna.

Dei hovudfordelane som gjerne blir trekt fram ved samvirkeføretak er at dei er godt regulerte, det er smidige ordningar for å gå inn og ut av samarbeidet, samt at det samanlikna med f.eks. § 27-samarbeid og IKS er betre eigna til å handtere eit større tal av medlemmar.

Vestnes kommune er medlem i fleire samvirkeføretak, mellom anna i ulike vassverk og Møre og Romsdal Revisjon.

2.6 Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap (AS) blir regulert av Lov om aksjeselskap (aksjelova). Det viktigaste trekket ved aksjeselskapsforma er at aksjeeigarane ikkje svarar for selskapet sine forpliktingar med anna enn den kapitalen dei har gått inn med (aksjeposten). Eit aksjeselskap som ikkje greier å oppfylle sine forpliktingar, kan takast under konkursbehandling. Eigaranne i eit aksjeselskap kan ikkje fritt råde over selskapet sine inntekter og formue.

Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt og kan ha ein eller fleire deltakarar. Denne selskapsforma er tenleg når ein ønskjer å ha ulike grupper av eigarar eller vil legge til rette for at fleire, både fysiske og juridiske personar, kan eige. Denne eigarforma gir fleksibilitet på eigarsida. Risikoen i selskapsforma ligg i konkurranseeksponeringa i verksemda. Selskapsforma eignar seg der kommunen ønskjer å ha eit avgrensa ansvar, som utgjør den kapitalen ein har gått inn med.

Aksjelova gir forholdsvis klare reglar for korleis eit aksjeselskap skal vere organisert. Det øvste styringsorganet i eit AS er generalforsamlinga. Alle eigarar har rett til å delta i generalforsamlinga. Kommunen sin(e) representant(ar) til ei generalforsamling blir oppnemnt av kommunestyret, som har instruksjonsrett overfor sin(e) representant(ar). Kommunestyret kan før generalforsamlinga treffe vedtak som bind opp representanten



si stemmegjeving. I selskap der kommunen eig alle aksjane, kan kommunestyret vedta at heile kommunestyret skal utgjere generalforsamlinga. Ein kan også vedta at eit anna organ skal utgjere generalforsamlinga (til dømes formannskapet).

Generalforsamlinga sine lovbestemte oppgåver er å vedta selskapet sitt årsrekneskap og styret si årsberetning, fastsette utbytte, samt velje styre og revisor for verksemda. Vedtektene kan også legge andre oppgåver til generalforsamlinga, så lenge dette ikkje er oppgåver som ved lov er lagt til andre organ.

Aksjonæravtaler blir ofte brukt for å detaljere forholdet mellom aksjonærane. Aksjeavtaler kan regulere ulike eigarspørsmål, slik som stemmerett, fordeling av styreplassar, innsynsrett, innskotsplikt og forkjøpsrett. Styret i aksjeselskapet har det overordna ansvar for forvaltning av selskapet. Som hovudregel er det styret som tilsett dagleg leiar. Dagleg leiar skal styre etter dei planar, retningslinjer og prinsipp som styret har vedteke.

Ein aksjonær har ulike rettar i eit selskap, noko som er avhengig av størrelsen på eigarandelen. For kommunen er det difor viktig at eigardelen er tilpassa kommunen sitt mål med eigarskapet. Dersom kommunen har ein strategisk målsetting for sitt eigarskap, bør kommunen ha kontroll med selskapet ved å eige 50 % eller meir av dei aksjane det kan stemmast på i selskapet. Dersom kommunen ønskjer maksimal styring, bør kommunen eige selskapet fullt ut. Om eigarskapet er finansielt motivert, er det ikkje så viktig kor stor eigardelen er.

Aksjekapitalen i selskapet blir disponert av styret i selskapet og dagleg leiar. Ønskjer kommunen som eigar av selskapet å ta ut midlar, må dette skje etter reglane i aksjelova om utdeling av utbytte eller fondsemisjon. Utdeling av utbytte til eigarane kan berre gjerast etter forslag frå styret og det må bli vedtatt av generalforsamlinga. Innanfor ramma til aksjelova, kan det gjennom aksjonæravtalar bli gitt heimel for ytterlegare handlingsreglar for disponering av selskapet sitt overskot. Dette vil vere bindande for styret si innstilling og generalforsamlinga sitt vedtak.

Vestnes kommune har to heileigde aksjeselskap, Vestens Energi og Tremek, samt aksjar i ei rekkje andre selskap som blir vidare omtala under del 2 om kommunen sine eigarskap.

2.7 Stiftelsar

Ein stiftelse er ein sjølveigande organisasjon som blir regulert av Lov om stiftelser (stiftelsesloven). Kommunar kan aleine eller saman med andre offentlege og/eller private verksemdar opprette ein stiftelse. Lova gir reglar for korleis dette skal skje, mellom anna gjennom minstekrav til vedtektene.

Stiftelsar skal ha eit klart formål, meldast til Stiftelsesregisteret og vedtektene skal vere offentlege. Ein stiftelse er sjølveigande i den betydning at ein verken kan utøve styring over stiftelsen si verksemd eller gjere krav på delar av overskottet. Ein stiftelse er eit eige rettssubjekt. Eventuelle tilsette har stiftelsen som arbeidsgivar og dagleg leiar som øvste administrative leiar. Ansvar for arbeidsgivarpolitikken for selskapet ligg til styret.

Stiftelsar er berre ein hensiktsmessig organisasjonsform når det er eit ønskje om å gjere verksemda helt uavhengig av kommunen. Eit eige tilsyn (Stiftelsestilsynet) fører tilsyn med stiftelsar og ser etter at mellom anna utdelingane er i tråd med formålet og ikkje skjer til stiftarane. Stiftelsar kan ikkje bli omdanna eller bli oppløyst utan godkjenning frå Stiftelsestilsynet.

Ein stiftelse vil kunne vere ei eigna organisasjonsform for løysing av bestemte oppgåver som ein ønskjer å ta ut og gi fullt sjølvstende. Den blir vurdert som ueigna dersom kommunen ønskjer noko form for styring, påverknad eller kontroll.

Vestnes kommune er eigar i stiftelsen Vestnes trygdebustader. Denne blir ikkje vidare omtala i eigarskapsmeldinga.

2.8 Viktige vurderingar ved val av selskapsform

Før ein tar valet om kva for selskapsform ein skal ha er det ei rekkje forhold som bør bli vurdert. Det vil aldri bli ei uttømmende liste over alle aspekt som gjer seg gjeldande, men nokre av dei kan nemnast her:

Styring
<ul style="list-style-type: none"> • Moglegheit og behov for politisk styring • Forholdet mellom kommunen si rolle som eigar og eventuelt den som utøvar mynde • Kompetanse og moglegheit for kommunestyret til å følgje opp eigaransvaret (aktiv oppfølging) • Moglegheit og avgrensingar når det gjeld delegasjon av mynde • Fleksibilitet – endring av eigarforhold/samarbeid med private • Arbeidsgjevarstrategi • Etikk og samfunnsansvar
Økonomi
<ul style="list-style-type: none"> • Økonomisk ansvar: Kva for forpliktingar tar kommunen på seg? • Selskapet si økonomiske friheit; prioritering av ressursar • Skatte- og avgiftsmessige forhold • Anskaffingsreglar
Konkurransesituasjon
<ul style="list-style-type: none"> • Risikovurdering når det gjeld marknad, miljø, kvalitet og kvantitet av den kommunale tenesta og forholdet til brukar/innbyggjar
Administrative rutinar
<ul style="list-style-type: none"> • Rapportering og oversikt – kva for rutinar og administrativ oppfølging er nødvendig • Forhold til forvaltningslov/offentlegheitslov

Det enklaste for kommunar og eventuelt fylkeskommunar å samarbeide om er rutineoppgåver med stort volum og liten grad av utøving av skjønn. For slike oppgåver er det ofte stordriftsfordelar å hente ut gjennom eit samarbeid, og sidan det er lite rom for skjønn er det også mindre behov for direkte folkevalt kontroll. Samarbeidet blir då gjerne organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 20-2. Sjølv om det er vertskommunen som utførar oppgåvene, vil dei andre samarbeidskommunane kunne gi vertskommunen instruks om utøving av delegert mynde i saker som gjeld samarbeidskommunen. I den grad kommunar skal samarbeide om oppgåver som er meir prinsipielle og der det er ønskeleg med direkte folkevalt kontroll, kan dette organiserast som vertskommune med felles folkevalt nemnd etter kommunelova § 20-3.

Til tross for samarbeidsmoglegheitene som kommunelova gir, vel kommunar å leggidelar av verksemda i selskap. Det kan vere fleire motiv for dette, behovet for å samarbeide med partar som ikkje er kommunale eller fylkeskommunale er eit slikt motiv, ønskje om å avgrense økonomisk risiko er eit anna. Når ein del av kommunen si verksemd blir lagt ut i eigne selskap, må styringssystema følgje den lovgivinga som gjeld for selskapsforma som blir valt. Som eigar har kommunestyret eit overordna ansvar for å sikre ei selskapsform som er tilpassa selskapet sitt formål, eigarstyringsbehov, samfunnsansvar, omsyn til innsyn, marknadsforhold og det aktuelle lovverket.

Den største utfordringa med kommunalt eigarskap i ulike selskap, er at det reduserer moglegheita for politisk styring og kontroll. Det er då viktig at eigarskapet blir forvalta godt, sidan selskap som blir «overlata til seg sjølv» lett kan utvikle eigne mål for verksemda, på tvers av eigarane sine mål og intensjonar.

3. Eigarstyring

Hovudformålet med eigarstyring er å sikre ei god utvikling for selskapa, langsiktig verdiskaping og gode, føreseielege rammer. Den skal og følgje opp vedtatt eigarskapspolitikk.

Løpande eigarstyring inneber:

- Tydelege krav og forventningar som reflekterer formålet med eigarskapet.
- Regelmessig og formalisert kontakt mellom kommunen og selskapa
- God rapportering på mål og forventningar
- Gode prosessar ved gjennomføring av val, endring av strategi, mv.

Selskapsorganisering inneber at kommunen gir slipp på den tradisjonelle forma for forvaltningsstyring og at styring må skje i forhold til dei rammer som følgjer av selskapslovgivinga. For å kompensere for ulemper med redusert direkte styring, er det eit viktig verkemiddel å etablere mål og forventningar til selskapa og prinsipp for eigarstyring gjennom eigarstrategiske dokument.

3.1 Prinsipp for eigarstyring

Eigarskapspolitikk er dei overordna premisser kommunen legg til grunn for forvaltning av sine selskap og eigarandelar. Vestnes kommune sin eigarskapspolitikk kan nedfella i nokre overordna prinsipp for eigarskapsstyring.

Prinsippa er som følgjer:

1	Vestnes kommune er ein ansvarleg eigar og ved etablering av nye selskap skal val av selskapsform vurderast grundig ut frå formål og behov.
2	Det skal vere openheit rundt Vestnes kommune sine eigarskap.
3	Kommunen sin eigarstrategi skal utøvast gjennom eigarorgana.
4	Kommunen skal fastsette langsiktige mål for selskapa, som styret er ansvarleg for å realisere.
5	Selskapa skal sikre god informasjonsflyt til eigarane.
6	Vestnes kommune skal vere pådrivar for at selskapa legg FN sine berekraftsmål til grunn for eigen drift og utvikling.
7	Vestnes kommune sine eigarrepresentantar skal ivareta kommunen sine interesser, men møter som hovudregel ikkje med bunde mandat. Prinsipielle spørsmål og kommunen sitt standpunkt i sentrale saker skal forankrast i folkevalde organ.
8	Val av styre til selskap organisert etter aksjelova og lov om interkommunale selskaper skal skje etter innstilling frå valkomité. Det må vere ei bevisst haldning til habilitetsreglane.
9	Styresamansettinga skal vere basert på kriteria for kompetanse, kapasitet og mangfald.
10	Vestnes kommune er pådrivar for at selskapa fører ein ansvarleg arbeidsgivarpolitikk i tråd med etiske retningslinjer, og at løn- og kostnadsnivået i selskapa er i samsvar med praksis og utvikling i eigen kommune.
11	Styret skal ha ei aktiv rolle knytt til rapportering og oppfølging, samt sørge for god internkontroll og risikostyring.
12	Eigarskapsmeldinga skal rullerast minimum 1 gong per valperiode.

Prinsippa skapar ei føreseieleg eigarskapsutøving og tydeleggjer korleis kommunen agerer som eigar. Prinsippa kjem i tillegg til gjeldande lovgiving på området, samt eventuelle avgjerder om eigarstyring fastsett for det enkelte selskap i vedtekter, aksjonæravtaler eller eigarstrategiar.

3.2 Formelle eigarorgan

Kommunestyre/Formannskap

Det er kommunestyret som fattar vedtak om etablering og avvikling av selskap, og godkjenner vedtekter, selskapsavtaler og aksjonæravtaler. Kommunestyret oppnemner representantar til eigarorgana og fører tilsyn og kontroll med forvaltninga av eigarinteressene.

Kommunestyret fastsett kommunen sin eigarskapspolitikk, slik som prinsipp for eigarstyring. Kommunestyret kan også uttrykke forventningar til styret sitt arbeid og forvente å få gjennomslag for dette i selskap der kommunen eig meir enn 50 % av aksjane.

Kommunestyret sine styringsmoglegheiter som eigar av selskap som er organisert etter aksjelova og liknande, er knytt til å etablere tydelege mål for eigarskapet og krav til resultat (utbytte). Dette skjer gjennom å etablere eigarskapsstrategi for det enkelte selskap og følge dei opp i den årlege eigarmeldinga.

I selskap som er organisert etter aksjelova, lov om interkommunale selskaper eller liknande, fremmer kommunen sine interesser som eigar gjennom deltaking i generalforsamling og representantskap. I generalforsamlinga i aksjeselskap stiller kvar eigar med ein representant som stemmer for heile eigarandelen. I representantskap skal det vere minst eitt medlem frå kvar eigar. Som hovudregel har kvar medlem ei stemme, slik at større eigarar vel fleire medlemmar. Dersom fleire medlemmer skal bli valde er det kommunestyret som føretek valet. Innkalling til generalforsamling/representantskap blir lagt fram for formannskapet.

Generalforsamling/representantskap

I følge aksjelova skal selskap avhalde ordinær generalforsamling ein gong i året, seinast 6 månadar etter utløpet av rekneskapsåret. Ordinære generalforsamlingssaker er godkjenning av årsrekneskap og årsberetning, utdeling av utbytte og val av styreleiar og styremedlemmer som er på val. I tillegg blir det behandla aktuelle saker som aksjelova krev skal blir behandla av generalforsamlinga, som kapitalforhøying, endring i vedtekter med tilhøyrande avtaleverk og endringar i rettigheitene til aksjonærene.

Dei fleste saker i generalforsamlinga blir avgjord med alminneleg fleirtal (50 %). Vedtektsendring krev som regel tilslutning frå minst 2/3 av stemmene, og det er også saker som krev 90 % eller einstemmig. I tillegg er det eit generelt forbod mot at generalforsamlinga treff avgjerd som er eigna til å gi bestemte aksjeeigarar ein urimeleg fordel.

I selskap som er organisert etter Lov om interkommunale selskaper er det representantskapet som er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet har dei same oppgåver som generalforsamlinga i eit aksjeselskap, men fastsett i tillegg selskapet sitt budsjett og økonomiplan. Det er også mogleg å vedtektsfeste at visse saker som elles ville høyre til under styret, skal godkjennast av representantskapet. Sistnemnte kan for eksempel gjelde større investeringar eller saker av prinsipiell karakter.

Valkomitè

Ein valkomité i eit selskap er eit organ valt av generalforsamling (AS) eller representantskap (IKS) med mandat å fremme forslag til styremedlemmar og eventuelt godtgjersle til desse. Ordninga med valkomité er ikkje lovregulert og må takast inn i det enkelte selskap sine vedtekter eller i ein eventuell selskapsavtale.

Dagleg leiar er ansvarleg for å kontakte leiar i valkomiteen i god tid.

Valkomitèar er vanleg i større selskap med mange eigarar. I selskap der det blir brukt valkomité, bør valkomiteen bli satt saman slik at alle aksjeeigarane føler seg representert. Fleirtalet i valkomiteen bør vere uavhengig av styret og den daglege leiinga, men det er nødvendig at komiteen har innsikt i kva kompetanse styret har behov

for. Alle eigarane bør få anledning til å foreslå kandidatar til styreverv i selskapet. Valkomiteen si innstilling skal grunngjevast og innstillinga bør også vise til korleis komiteen har arbeidd.

I Vestnes kommune er det formannskapet som peiker ut valkomité i alle heileigde aksjeselskap.

Eigarmøte

I selskap der kommunen er ein av fleire eigarar er likebehandling av alle aksjeeigarane ein føresetnad. Dette omfattar også kva informasjon kommunen som eigar mottok frå selskapet og kva kontakt det er mellom kommunen og selskapet. Det er difor viktig at representantar frå alle eigarane deltek i desse møta. Opposisjonen bør også delta, kor representantar hentast fortrinnsvis frå formannskapet eventuelt frå kommunestyret.

I selskap der kommunen er eigar åleine, eller eig selskapet samen med samarbeidande kommunar, bør det bli halde minst eitt eigarmøte i året i tillegg til generalforsamlinga. Møtet blir halde i etterkant av at kommunestyret har behandla eigarmeldinga og initierast av ordførar i den kommunen som har størst eigarandel. Til møtet skal styret, dagleg leiar og dei andre eigarane inviterast. Både ordførar og selskapet kan be om eigarmøte når det er behov for å diskutere spørsmål av strategisk art og kor styret treng rettleiing frå eigarane.

Ordførar

Ordføraren er kommunen sin representant i generalforsamling og representantskap med varaordførar som vara. Ordførar kan i enkelttilfelle gi andre fullmakt til å møte på kommunen si vegne. Den som representerer kommunen skal fremme det syn som kommunestyret har vedtatt i eigarmeldinga og/eller andre konkrete vedtak i kommunestyret. Ordførar med varaordførar som vara representerer kommunen i eigarmøte.

3.3 Prinsipp for politisk og administrativt utøving av eigarrolla

Representantane sine roller

1. Dei valte representantane skal ivareta kommunen sine interesser gjennom ei aktiv deltaking i selskapa sine eigarorgan.
2. I styra blir oppgåver løyst til beste for selskapa si utvikling og i samsvar med eigarane sine styreinstruks/eigarkrav.
3. Der det er meir enn éin representant som er valt av kommunen, skal desse sørge for koordinering i forkant av eigarmøta i selskapet.
4. I enkeltsaker av prinsipiell eller av stor betydning, kan kommunestyret og/eller formannskapet instruere representantane.
5. Dei valte representantane plikter å avklare eigarane sitt syn før møte i selskapa sine organ

Politiske avklaringar i forkant av møte i selskapa

Dei valte representantane frå Vestnes kommune skal ha anledning til å få ei eventuell politisk avklaring i forkant av møta i selskapa. Formannskapet er tillagt ansvaret for å gjere nødvendige avklaringar før behandling i selskapa, og det skal rapporterast tilbake dit.

Rapporteringsplan

Det blir etablert ei plan for regelmessig rapportering frå valte representantar til kommunestyret. Rapporteringsfrekvensen varierer frå eitt til fire år slik at alle selskap er presentert minst ein gong i løpet av valperioden. Dei valte representantane rådfører seg med ordførar dersom dei har grunn til å tru at endringar oppstått i selskapet bør bli rapportert til kommunestyret utanom plana. Følgande punkt blir vektlagt ved rapporteringa:

- Kommunen sin eigarstrategi
- Utvikling i selskapet generelt og i forhold til nøkkeltal/måltal
- Risiko og framtidsutsikter
- Behov og ønsker om moglege endringar og tiltak

Habilitet

At ein person er inhabil betyr at vedkommande ikkje kan legge til rette saksgrunnlaget eller treffe avgjerd i ei sak. For å vere inhabil må selskapet vere part i saka. Folkevalde som har styreverv har gjerne interesse, kompetanse og erfaring knytt til eigarstyring og selskapsstyring. Fordelane ved politisk representasjon i styre må midlertidig vurderast opp mot habilitetsreglane i forvaltningslova. Desse blei stramma inn i 2011, og alle folkevalde, kommunedirektørar og andre tilsette i kommunane som også er styremedlem i eit offentleg eigd selskap, blei inhabile i saker som kommunen behandla om selskapet. Det kan vere uheldig at sentrale politikarar er inhabile i fleire betydeleg saker der kommunale selskap er part.

Eigarmøte

I tillegg til oppfølging gjennom dei lovfesta organ kan det i nokre høve vere nyttig å gjennomføre eigarmøte. Eit eigarmøte kan sikre ein kontinuerleg dialog mellom eigar og verksemd om saker som blir sett på som viktige og prinsipielle. Eigarmøta er uforpliktande for selskapet sine organ. Det er ikkje her eigarane skal gi styret og dagleg leiar instruksar og signal. Kommunen skal heller ikkje blande seg i verksemda si daglege drift. I eigarmøta kan eigarane diskutere strategiar for selskapet utan at nokon forpliktar seg.

Administrativ støtte og koordinering

Administrasjonssjefen skal iverksette kommunestyret sitt vedtak om eigarpolitikk, som å legge fram forslag til eigarskapsmelding for behandling i kommunestyret og sørge for oppfølging i form av eigarmeldingar. Det er ein føresetnad om at det i samanheng med behandling av denne meldinga blir lagt til rette for ei generell drøfting av prinsipp og rutinar som denne meldinga legg opp til, saman med ei evaluering av formål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen.

Administrasjonssjefen skal og etablere rutinar for løpande eigaroppfølging, som kan innebere styringsdialog med styre, rutine for styreval, førebuing til møte i eigarorgan, eigarmøte i kommunestyre eller formannskap etc.

3.4 Oppfølging og kontroll

Eigarskapsmelding og revidering

Eigarskapspolitikken, som mellom anna inneheld prinsipp for eigarstyring, bør ligge noko fast over tid, men bli revidert minst ein gong i løpet av kommunestyreperioden. Dette er også i tråd med kommunelova § 26-1.

Det blir lagt opp til ein årleg gjennomgang av kommunen sine eigarposisjonar etter gjennomførte generalforsamlingar, representasjonsmøte og liknande. Dersom det har skjedd endringar i eigarskapsporteføljen vil det bli utarbeida ei eigarberetning som blir lagt fram for kommunestyret.

Kontroll

Kommunestyret har det øvste ansvaret for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverk etterlevast og at etiske omsyn blir ivaretatt. Kontrollen blir utført gjennom mellom anna rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føre løpande kontroll av verksemd kommunen eig, ved å gjennomføre eigarskapskontroll (obligatorisk) og forvaltningsrevisjon (frivillig). Selskapskontrollen blir utøvd av kontrollutvalet på bestilling frå kommunestyret. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 13-15 omhandlar kontrollutvalet sine oppgåver i tilknytning til selskapskontrollen.

DEL 2: Oversikt over kommunen sine eigarskap

5. Aksjeselskap

5.1 Vestnes Energi AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.nvn.no
Eigarar og eigarandel	Vestnes kommune: 100 % Vestnes Energi eig 63,5 % av aksjane i Nordvest Nett AS (resterande er eigd av Ørskog Energi som er eigd av kommunane Ålesund og Fjord).
Formål	Å eige og drifte distribusjonsnett for straum i sitt konsesjonsområde, og sikre god leveringskvalitet på straumforsyninga til sine kundar. Kvaliteten skal sikrast gjennom effektiv drift, godt vedlikehald og rasjonell utbygging som er tilpassa noverande og framtidige behov. Selskapet skal også søke å nytte dei moglegheitene som ligg i å engasjere seg i annan infrastruktur der ein kan oppnå positive synergieffektar mot nettdrift. Elles kan selskapet ha gjeremål og vere ein aktør innan energiproduksjon og kraftomsetnad, samt alt som står i samband med dette og som kan styrke selskapets økonomi og inntening. Selskapet kan også utøve aktivitet innan investering i og utvikling av fast eigedom, drive utleige av eigedom samt alt som står i forbindelse med dette, i tillegg også deltaking i selskap med tilsvarande aktivitet.
Styre og generalforsamling	Generalforsamling: Vestnes kommunestyre. Styret består av 3 medlemmar og 3 varamedlemmar.
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er finansielt motivert.

5.2 Tremek AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.tremek.no
Eigar og eigarandel	Vestnes kommune: 100 %
Formål	Å drive med produksjon, produktutvikling, tenesteytande arbeid, salsverksemd og anna næringsverksemd og det som måtte stå i samanheng med dette, som skal gi grunnlag for sysselsetting og personleg utvikling av yrkeshemma etter funksjonsnivå.
Styre og generalforsamling	Generalforsamling: Vestnes formannsskap. Styret består av 5 medlemmar og 3 varamedlemmar.
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert. Det er ei forventning om at selskapet skal levere allsidig arbeidstrening av høg kvalitet. Eigar ønsker at selskapet skal ha tett dialog med andre aktuelle veksbedrifter, private aktørar, kommunal verksemd og NAV, for å sikre eit variert og kvalitetsmessig godt tilbod.

5.3 Astero AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.astero.no
Eigar og eigarandel	Selskapet har 14 eigarar. Dei 5 største eigarane er: Molde kommune (42,82 %), Møre og Romsdal fylkeskommune (30,97 %), Rauma kommune (11,34 %), Hustadvika kommune (5,73 %) og Vestnes kommune (4,68 %).
Formål	Å fremme mennesket sine moglegheiter i arbeid og bidra til å løyse samfunnsutfordringar. Astero AS er ein arbeidsmarknadsbedrift som gjennom næringsverksemd skal legge til rette for arbeidssøkjjar med behov for bistand og ønske om å kome ut i ordinært arbeid. Selskapet er leverandør av mekanisk skreddarsøm som verktøy og pedagogisk verkemiddel i gjennomføring av kurs, praksis og kvalifisering for arbeidssøkjjar.
Styre og generalforsamling	Ordføraren representerer Vestnes kommune i generalforsamlinga. Generalforsamlinga vel eigen valkomité til å førebu val til selskapet sitt styre
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert

5.4 Kristiansund og Nordmøre næringsforum AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.knn.no
Eigar og eigarandel	Aksjekapital: 7,2 mill. kroner Vestnes kommune eigarandel er 0,059 %.
Formål	Fremme og samordne næringsinteressene i byregion Kristiansund og Nordmøre, på tvers av bransjar, profesjonar og kommunar. Selskapet si verksemd skal bidra til auka verdiskaping i eksisterande næringsliv og til nyetableringar i regionen. I samsvar med verksemd og formål kan selskapet engasjere seg i andre selskap, føretak, organisasjonar, foreiningar, tiltak og liknande.
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er regionalpolitisk motivert. Eigarskapet bør vurderast.

5.5 Møreaksen AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.moreaksen.no
Eigar og eigarandel	Aksjekapital: 7,4 mill. kroner Vestnes kommune sin eigarandel er 0,76 %
Formål	Formålet med selskapet er å realisere eit ferjefritt samband over Romsdalsfjorden/Midfjorden, samt knytte kommunane Aukra og Midsund til fastlandet. Herunder finansiering av prosjektet, innkreving av ev. bompeng og alt som står i samband med dette. Selskapet skal også kunne vere ansvarleg ved evt. søknad om og innkreving av bompeng via ferjebilletten på sambanda Molde - Vestnes og Mordalsvågen - Solholmen for opprusting av E39 på strekninga Molde - Midsund - Vestnes, samt på sambandet Hollingsholm - Aukra for finansiering av bruene og sambandet mellom Aukra og Midsund

Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er regionalpolitisk motivert. Viktig å samarbeide om samferdselsprosjekt for å få eit ferjefritt E39 og tidssparande forbindingar internt i fylket.
----------------------------	---

5.6 Molde Lufthavnutvikling AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.moldenaeringsforum.no
Eigar og eigarandel	Aksjekapital: 1,86 mill. kroner Vestnes kommune sin eigarandel er 1,67 %. Dei tre største aksjonærane er Molde kommune (39,5 %), Sparebank 1 SMN (21,5 %) og Sparebanken Møre (10,5 %).
Formål	Utvikling av vår regionale flyplass Molde lufthavn Årø for å styrke tilbodet til næringsliv og innbyggjarane i regionen.
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert, samt knytt til regionalpolitisk posisjonering.

5.7 Visit Nordmøre & Romsdal AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.visitnorthwest.no
Eigar og eigarandel	Aksjekapital: 1,024 mill. kroner Vestnes kommune sin eigarandel er 1,67 %. Til saman er 15 kommunar deleigar i selskapet, saman med ei rekkje reiselivsaktørar.
Formål	Å fremme reiselivet i deltakande kommunar, utføre sal- og marknadsføringsaktivitetar, stimulere til produktutvikling og løyse andre fellesoppgåver for reiselivet i selskapet sitt aktivitetsområde.
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er motivert ut frå å effektivisere tenesteproduksjon. Støtte opp om det regionale reiselivssambandet på Nordmøre og i Romsdal og marknadsføre reiselivsnæringa.

5.8 Utviklingsforum for Ålesund lufthavn, Vigra AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon
Eigar og eigarandel	Aksjekapital: 1,025 mill. kroner Vestnes kommune sin eigarandel er 2,44 %
Formål	Styrke regionen gjennom å utvikle Ålesund lufthavn Vigra til beste for innbyggjarane og næringsliv. Selskapet sitt fokusområde er styrking av rutetilbod med særskilt fokus på ruter til utlandet, flyplassrelatert infrastruktur og tilbringarteneste. Selskapet skal vere en pådrivar for berekraftig grøn transport. Føretaket har ikkje-økonomisk formål og eventuelle overskot blir tillagt eigenkapitalen for vidare realisering av formålet. Utbytte kan ikkje utbetalast. Ved sletting av enkeltaksjar skal kapitalen ikkje bli utdelt, men overførast til selskapet for realisering av formålet. Ved oppløysning eller avviking av føretaket skal attståande kapital overførast til selskap, institusjon eller organisasjon som har eit tilsvarande eller liknande formål
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert, samt knytt til regionalpolitisk posisjonering.

5.9 Eksportvegen AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Eksportvegen > Om Eksportvegen AS ➤ www.vegamot.no/E136Tresfjordbrua
Eigar og eigarandel	Selskapet sin aksjekapital er på kr. 1.770.000 fordelt på 218 aksjar frå klasse A (med røysterett) og 136 aksjar frå klasse B (utan røysterett). Organisasjonar/einingar med offentleg styring skal til ei kvar tid eige meir enn 50 % av A-aksjane. Kvar aksje lyder på kr. 5 000. Vestnes kommune eig 60 A-aksjar og er den største aksjonæren saman med Rauma kommune og Ålesund kommune (som også kvar eig 60 A-aksjar).
Formål	Arbeide for utbetring og opprusting av utsette parsellar på heile veggen E136 i og gjennom kommunane Ålesund, Vestnes, Rauma, Lesja og Dovre
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er regionalpolitisk motivert.

5.10 Muritunet AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.muritunet.no
Eigar og eigarandel	Aksjekapital: 14,343 mill. kroner Vestnes kommune har aksjar for kr. 110 000,-
Formål	Eige og drive institusjonen Muritunet AS. Institusjonen skal gi medisinsk behandling og levere ulike former for helsefremjande og sjukdomsførebyggjande tenester som del av det totale helsetilbodet i landsdelen. Hovudvekta skal ligge på spesialisert rehabilitering, opptrening og opplysning samt anna verksemd som står i samanheng med dette. Muritunet skal vere ein samfunnsaktør som opptrer som ein katalysator og utviklingsaktør mot både offentlege og private aktørar. Selskapet vert drive på ideell basis og vil ikkje ha kommersielt erverv til formål. Det skal ikkje utdelast utbytte og selskapet sine midlar skal heller ikkje på annan måte overførast til selskapet sine aksjonærar. Ved oppløysing av selskapet skal selskapet sine midlar stillast til disposisjon for realisering av verksemd i tråd med første avsnitt i denne paragraf
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert. Eigarskapet bør vurderast.

5.11 Samspleis AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.samspleis.no
Eigar og eigarandel	Aksjekapital: 3,55 mill. kroner Vestnes kommune sin eigarandel er 0,3 %
Formål	Arbeide for realisering av viktige veg- og trafikktryggingssprosjekt i Romsdal og på Nordmøre. Selskapet skal, enten sjølv eller i samarbeid med andre selskap, stå for heil- eller delfinansiering av utbyggingar, da i samarbeid med Statens Vegvesen og etter dei retningslinjer som staten til ein kvar tid gir. Under dei same forutsetningane skal Samspleis AS kunne administrere bompengeneinnkrevjinga, forvalte bompengemidlane og nytte desse slik det vil gå fram av avtale mellom Vegdirektoratet, samarbeidande selskap og Samspleis AS.

Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er regionalpolitisk motivert. Samarbeide og felles regional samferdselspakke for styrking av Nordmøre og Romsdal som bustad- og arbeidsmarknadsregion. Eigarskapet bør vurderast.
----------------------------	---

6. Vertskommunesamarbeid

6.1 Tøndergård skole og ressurscenter

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.tondergard.skole.no
Deltakarkommunar	Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma og Vestnes. Vestnes kommune betalar for ein skuleplass (av totalt 16). Møre og Romsdal fylkeskommune har avtale om abonnering på eit fast tal av skule- og internatplassar.
Formål	Tøndergård skole og ressurscenter er ein interkommunal forsterka skule som gir opplæring til barn og unge med ulike typar lærevanskar.
Roller og styringsinformasjon	Representantskapet og styret består kvar av ni medlemmar, eit medlem frå kvar av eigarkommunane. Det er kommunestyret i Vestnes kommune som vel kommunen sitt medlem og varamedlem.
Kommunen sin eigarstrategi	Effektivisering av tenestetilbod: Kvar av kommunane kan ikkje åleine stille med eit tilfredsstillande bredt fagleg tilbod til desse elevgruppene.

6.2 ROR-IKT

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.ror-ikt.no
Deltakarkommunar	Molde (64,5 %), Rauma (14,2 %), Vestnes (14,1 %) og Aukra (7,1 %). Molde kommune er vertskommune.
Formål	ROR-IKT skal ivareta deltakarkommunane sine oppgåver knytt til drift, service, forvaltning og utvikling av informasjons- og kommunikasjonsteknologi, samt inngåing og oppfølging av avtaler om kjøp av tenester og varer frå eksterne leverandørar innanfor dette området.
Roller og styringsinformasjon	Det er etablert eit styre bestående av kommunaldirektørar/administrasjonssjefar i dei fire kommunane.
Kommunen sin eigarstrategi	Effektivisere tenesteproduksjon og regionalpolitisk motivert: Motivert ut frå behov for god IKT kompetanse for utvikling av kommunen sine tenestetilbod. Samkøyring og gevinstar ved stordriftsfordelar, samt utnytting av eksisterande system og betre tilgang til kompetanse er drivkrafta bak samarbeidet.

6.3 Barnevernstenesta i Molde kommune

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ www.molde.kommune.no/barn-unge-og-familie/barnevern/
Deltakarkommunar	Barnevernstenesta er ein interkommunal teneste for kommunane Molde, Aukra og Vestnes, med Molde som vertskommune.

Formål	Sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig heilskapleg hjelp og omsorg til rett tid, og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.
Roller og styringsinformasjon	Barnevernsleiar har ansvar for rapportering og informasjonsutveksling
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet er å effektivisere tenesteproduksjon, og skape ein større og meir robust barnevernsteneste med høg kvalitet.

6.4 Ålesund Interkommunal legevakt

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ https://alesund.kommune.no/
Deltakarkommunar	Giske, Hareid, Herøy, Fjord, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørsta og Ålesund. Ålesund er vertskommune.
Formål	Akuttmedisinforskrifta inneheld krav til ei robust legevakt og til forsvarleg drift. Felles interkommunal drift av legevakt gjer det mogleg å få til ei betre utnytting av personell, betre kvalitet på tenesta og betre økonomi. Samarbeidet omfattar tenesteområdet legevakt, legevaktsvarsling og vald i nære relasjonar.
Roller og styringsinformasjon	Styringsgruppe med 1 representant frå kvar samarbeidskommune. Vertskommune deltek med minst ein representant frå kommunen sin administrasjon i tillegg til verksemdsleiar. Det er og etablert et fagråd og et samarbeidsutval, kor det bli avhald møte minst ein gong i året.
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet for samarbeidet er effektivisering av tenesteproduksjon

7. Interkommunalt politisk råd og kommunalt oppgåvefelleskap

7.1 Romsdal regionråd

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Romsdal Interkommunalt politisk råd (romsdalregionrad.no)
Deltakarkommunar	Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes. Alle kommunane har lik eigarandel.
Formål	Romsdal IPR skal gjennom samhandling bidra til positiv utvikling for Romsdal og i medlemskommunane. Rådet skal vere aktiv pådrivar og arbeide strategisk med samfunnsutvikling i regionen. Rådet skal: <ol style="list-style-type: none"> 1. Fremme medlemskommunane sine interesser i regional- og nasjonal samanheng 2. Ta opp saker av felles interesse for medlemskommunane 3. Ha fokus på utvikling av ein attraktiv bu- og arbeidsregion som lykkast med auka tilflytting og rekruttering 4. Arbeide for samferdselsløyser som utviklar større felles bu- og arbeidsregionar i fylket, samt bidra til auka konkurransekraft til næringslivet gjennom redusert reise- og transporttid 5. Vere pådrivar for å betre rammevilkåra for næringslivet i regionen 6. Arbeide for utvikling av eit godt regionalt sjukehusstilbod, inkludert pådrivar for forbettringsarbeid i grensesnittet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta

	7. Bidra til å sette klima og berekraft på dagorden i medlemskommunane 8. Initiere og følge opp ulike interkommunale prosjektsamarbeid 9. Arbeide for å fremme det kulturelle fellesskapet i medlemskommunane
Roller og styringsinformasjon	Representantskapet er regionrådet sitt høgste organ, og består av ordførarane i deltakarkommunane.
Kommunen sin eigarstrategi	Regionalpolitisk posisjonering og politisk motivert

7.2 Romsdal Interkommunale Utvalg mot Akutt forurensning (RIUA)

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ www.riua.no
Deltakarkommunar	Molde, Vestnes, Rauma, Aukra og Hustadvika.
Formål	RIUA skal ivareta kommunane si beredskaps- og aksjonsplikt i forhold til akutt forureining. Akutt forureining inneber (forurensningsloven §§ 43 – 47): ➤ Forureining som har betydning ➤ Forureining som kjem plutseleg ➤ Forureining som ikkje er tillate med heimel i lov
Roller og styringsinformasjon	RIUA blir leia av eit representantskap der kvar av kommunane har ein representant. Representantskapet vel styret i RIUA som består av sju representantar. Brann- og redningssjefen i vertskommunen er fast leiar av styret. Brann- og beredskapsleiarane har vore kommunane sine representantar.
Kommunen sin eigarstrategi	Effektivisering av tenesteproduksjon: Ansvar og omfang er for stort for ein einskild kommune. Ansvaret går på region og kommunegrenser har lite å seie i ein akuttsituasjon. Samfunnsøkonomisk motivert: Sørge for at det overordna sikkerheitsansvaret for kommunen og innbyggjarane blir ivaretatt.

7.3 Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.kontrollutvalgromsdal.no <i>Kontrollutvalgssekretariatet er under omdanning for å bli tilpassa ny kommunelov.</i>
Deltakarkommunar	Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal og Vestnes. Alle kommunane har lik eigarandel.
Formål	Å utvikle og utføre tenester knytt til saksførebuing, utredning og oppfølging av saker til kontrollutvala, samt andre tenester som naturleg fell saman med dette.
Roller og styringsinformasjon	Sekretariatet er direkte underordna kontrollutvala i dei samarbeidande kommunar og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvala gir
Kommunen sin eigarstrategi	Effektivisere tenesteproduksjon: Motivet for eigarskapet er å sikre ein kvalitativ god og effektiv tenesteproduksjon og kontrollfunksjon.

8. Interkommunale selskap (IKS)

8.1 Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.ikamr.no
Eigar og eigarandel	Alle kommunane i Møre og Romsdal og fylkeskommunen. Vestnes kommune eig 2,1 % av selskapet.
Formål	Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemmane eller slikt materiale som desse tar ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle formål, i samsvar med arkivlova.
Roller og styringsinformasjon	Kvar medlemskommune vel ein representant med vara til representantskapet, som er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet vel en valkomité som førebur val av styre. Styret skal ha fem medlemmar og styreleiar, nestleiar, medlemmar og varamedlemmar blir valt av representantskapet for fire år
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet for eigarskapet er effektivisering av tenesteproduksjon og imøtekomme gjeldande arkivlovgiving

8.2 Gassror IKS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ www.gassror.no
Eigar og eigarandel	Aukra, Hustadvika, Rauma, Vestnes og Molde, samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Alle eigarar har lik andel i selskapet.
Formål	Selskapsavtalen §2: Selskapet sitt verkeområde er avgrensa til prosjekt/tiltak som eigarkommunane har nytte av. Selskapet har som formål å medverke til utvikling av Molderegionen gjennom: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Det blir en attraktiv region som tiltrekker seg kompetent arbeidskraft. ➤ Fysisk infrastruktur ➤ Forsking og utvikling ➤ Tilrettelegging for næringsutvikling/samfunnsutvikling ➤ Vidareutvikle Nyhama i Aukra til gassknutepunkt for Norskehavet Støtte frå selskapet kan gjevast i form av tilskot, ansvarleg lån eller aksjekapital ved bruk av grunnkapitalen og tilskotet frå eigarkommunane. Bedriftsrett tiltak kan ikkje støttast. GassROR IKS skal bidra til ei effektiv og samordna leiing av interkommunale/regionale tiltak innafor selskapet sitt verkeområde.
Roller og styringsinformasjon	Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Til representantskapet vel kvar medlemskommune ein representant med personleg vararepresentant, med unntak av Aukra kommune som vel to representantar med personlege vararepresentantar. Sjå lenke for meir informasjon : www.gassror.no - Repr. skap og styret
Kommunen sin eigarstrategi	Regionalpolitisk posisjonering og utvikling

8.3 Ålesundsregionens interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM IKS)

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ ÅRIM - eit miljøfagleg kompetansesenter (arim.no)
Eigar og eigarandel	Fjord (2,42 %), Giske (8,04 %), Stranda (4,3 %), Sula (8,84 %), Sykkylven (7,24 %), Vestnes (6,2 %) og Ålesund (62,95 %)
Formål	Selskapsavtalen §3: ÅRIM utfører kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall frå hushald og slam frå mindre avløpsanlegg i samsvar med sentrale og lokale miljømål. <ul style="list-style-type: none"> ➤ ÅRIM kan gje eit tilbod om innsamling, gjenvinning og behandling av næringsavfall der selskapet finn dette miljømessig ønskeleg og økonomisk forsvarleg. ➤ ÅRIM har einereitt frå kommunane til å sikre tømning av slam frå mindre avløpsanlegg der utløpet er knytt til offentleg avløpsnett. ➤ ÅRIM tek over eigarskapet til, og ansvaret for disponeringa av avfallet og slammet så snart det er henta inn eller levert gjennom dei avfallsordningane som er oppretta. ➤ Medlemskommunane fastsett likelydande forskrifter om avfall og slam i Ålesundregionen. Selskapet får her mynde til å ta avgjerd i enkeltsaker. ➤ ÅRIM skal vere eit rådgjevande organ og kompetansesenter for medlemskommunane. Selskapet skal i nært samarbeid med kommunane drive eit aktivt informasjonsarbeid for å auke innbyggjarane sin kunnskap om avfallsreduksjon og meir miljøvenleg avfallsbehandling. ➤ ÅRIM skal legge vekt på miljøvenleg drift i alle ledd i avfallsbehandlinga. ➤ ÅRIM skal ha kostnadseffektiv drift. ➤ ÅRIM avgjer i kva grad drifta skal skje ved bruk av egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved avtalar med medlemskommunane, andre selskap, eller private næringsdrivande. ➤ ÅRIM kan søkje samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap der dette er naturleg, og selskapet kan vere eigar eller medeigar i andre selskap. ➤ ÅRIM skal utføre eventuelle andre oppgåver som kommunane er samde om at selskapet skal utføre.
Roller og styringsinformasjon	Representantskapet er ÅRIM sitt øvste organ, og kvar kommune har ein representant, bortsett frå Ålesund som har sju. ÅRIM har sju faste styremedlemmar.
Kommunen sin eigarstrategi	Effektivisering av tenesteproduksjon og samfunnsøkonomiske motiv. Målet er at kommunen og regionen skal kunne handtere avfallsressursane på ein måte som sikrar: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Gode og effektive tenester til innbyggjarane til akseptabel pris ➤ Lokal verdiskaping som sikrar avkastning på investerte verdiar ➤ Reduserte klimautslepp, samt auke graden av gjenbruk og gjenvinning.

8.4 Molde og Romsdal Havn IKS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ Molde og Romsdal Havn IKS (molde-romsdalhavn.no)
--------------------------	---

Eigar og eigarandel	Aukra, Hustadvika, Molde, Rauma og Vestnes. Vestnes kommune sin eigarandel er 12 %.
Formål	Formålet er å ivareta og samordne den kommunale hamneverksemnda i samarbeidsområdet. Hamnevesenet skal saman med andre interesser bidra til eit konkurransedyktig og kostnadseffektivt hamnetilbod, og for ei tilrettelegging av infrastruktur som sikrar best mogleg forbindelse mellom sjø- og landtransporten i samarbeidsregionen. Hamnevesenet skal ivareta dei administrative og forvaltningsmessige oppgåver som ligg til dei samarbeidande kommunane etter hamne- og farvannslova og anna lovgiving som gjelder hamnesektoren. Hamneanlegg og areala skal bli disponert med sikte på ein best mogleg samla ressursutnytting. For å oppretthalde og vidareutvikle den kommunale hamneverksemnda i samarbeidsområdet og verksemnda sitt trafikkgrunnlag, kan hamnevesenet engasjere seg i hamnetilknytt verksemd som blir betrakta som hensiktsmessig og fordelaktig for dei samarbeidande kommunane sine hamneinteresser
Roller og styringsinformasjon	Selskapet sitt øvste organ er Hamnerådet. Hamnerådet består av 8 representantar, kor Vestnes kommune har ein representant med vararepresentant. Hamnerådet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar. Styret består av 7 medlemmar med personlege varamedlemmer som blir valt av hamnerådet
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert. Målet er å bidra til å styrke regionens næringsliv ved å legge til rette for ein sikrare og meir effektiv sjøtrafikk innan cruise, gods, fiskeri og olje. Samt bidra til å utvikle kommunen sine hamner.

8.5 Krisesenteret for Molde og omegn IKS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ Krisesenteret for Molde og omegn (krisesenteretmolde.no)
Eigar og eigarandel	Aukra (5 %), Gjemnes (3,6 %), Hustadvika (18,2 %), Rauma (10,3 %), Sunndal (9,8 %), Vestnes (9 %), og Molde (44,1 %).
Formål	Selskapet sitt formål er å gje eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Unntaksvis kan selskapet også kunne gi moglegheit for nødrettsplassering av barn for politi og barnevernsteneste i eigarkommunane
Roller og styringsinformasjon	Representantskapet er selskapet sitt øvste organ og har 11 medlemmar, kor eitt medlem med vara er valt av Vestnes kommune. Kommunestyret vel kommunen sine medlemmar og varamedlemmar. Styre består av sju personar, kor ein av dei blir valt blant dei tilsette. Eigarkommunane innstiller ein person med varamedlem kvar. Representantskapet vel valkomité som førebur val av leiar, nestleiar og styremedlemmar med vara.
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet for eigarskapet er kvalitativ god og effektiv tenesteproduksjon

8.6 Sunnmøre regionråd IKS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Sunnmøre regionråd <p><i>Selskapet er under omdanning for å bli tilpassa ny kommunelov, og vil etter kvart bli omgjort til eit interkommunalt politisk råd.</i></p>
--------------------------	---

Deltakarkommunar	Giske, Fjord, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørsta og Ålesund. Alle kommunane har lik eigarandel.
Formål	Selskapsavtalen §3: Sunnmøre Regionråd er eit felles organ for deltakarkommunane. Selskapet har som målsetting å bidra til ei positiv utvikling i regionen samla og i deltakarkommunane. Selskapet skal vere ein aktiv regional pådrivar med vekt på regional samfunnsutvikling og næringsutvikling og interkommunalt samarbeid. Selskapet skal drive med regional strategiutvikling, vere ein regional utviklingsaktør og fremje saker som utviklar regionen. Sunnmøre Regionråd skal vektlegge offentleg partnerskap og partnerskap mellom kommunar og næringslivet, vere ein arena for samhandling på Sunnmøre med vekt på regional utvikling, nærings- og kompetanseutvikling, regionale rammevilkår og samferdsel og vere eit bindeledd mellom politikk, næringsliv, utdanning, helse og andre regionale og statlege styringsorgan.
Roller og styringsinformasjon	<ul style="list-style-type: none"> ➤ Representantskapet er Sunnmøre Regionråd IKS sitt høgste organ, og består av ordførarane i deltakarkommunane. ➤ Representantskapet vel eit styre på 7 medlemmar og 5 varamedlemmar ➤ Namn på styremedlemmar og varamedlemmar sjå følgjande lenke: Organisering - Sunnmøre Regionråd
Kommunen sin eigarstrategi	Regionalpolitisk posisjonering og politisk motivert

9. Samvirkeføretak (SA)

9.1 Møre og Romsdal Revisjon SA

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ Møre og Romsdal Revisjon SA (mrrevisjon.no)
Eigar og eigarandel	Møre og Romsdal revisjon SA består av 20 deltakarkommunar på Nordmøre, i Romsdal og Nordre Sunnmøre, samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Vestnes kommune sin eigarandel er 3 %.
Formål	Selskapet sitt formål er å styrke revisjonen sin uavhengigheit, kvalitet og effektivitet. Selskapet skal sikre medlemskommunane ein heilskapleg revisjon i eigen regi, og selskapet har ikkje erverv som formål. Selskapet skal utføre all lovpålagte revisjon og selskapskontroll for deltakarkommunane. I tillegg kan selskapet utføre andre revisjonsoppdrag, rådgiving og andre tenester for dei same. Selskapet kan også utføre revisjon og rådgiving for andre selskap, stiftelsar, foreiningar, kyrkjeleg fellesråd, menighetsråd, andre verksemd og kommunar m.v. kor lov eller forskrift gir kommunerevisor/selskapet heimel til å utføre denne tenesta.
Roller og styringsinformasjon	Styret blir valt av årsmøtet.
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet for eigarskapet er kvalitativ god og effektiv tenesteproduksjon

9.2 Biblioteksentralen SA

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: <ul style="list-style-type: none"> ➤ Marknads- og juridisk informasjon ➤ Biblioteksentralen (bibsentr.no)
--------------------------	--

Eigar og eigarandel	Eigd av landet sine kommunar og fylkeskommunar.
Formål	Å vere ein serviceorgan for alle typar offentlege bibliotek. Selskapet har til oppgåve å vere hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotek og liknande institusjonar.
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet for eigarskapet er samfunnsøkonomisk. Formålet med eigarskapet skal bidra til å utvikle betre bibliotek, støtte opp om biblioteka sine samfunnsoppdrag og bidra til demokratisering av kunnskap og kultur.

9.3 Vassverk

Vestnes kommune har medlemskap i fire vassverk som er organisert som samvirkeføretak.

Informasjon om selskapa	<p>Lenke til oppdatert informasjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> ➤ Fiksdal Vassverk SA: Marknads- og juridisk informasjon ➤ Tomrefjord Vassverk SA: Marknads- og juridisk informasjon ➤ Tresfjord Vassverk SA: Marknads- og juridisk informasjon ➤ Vestnes Vassverk SA: Marknads- og juridisk informasjon
Eigar og eigarandel	Vestnes kommune er medlem i samvirkeføretaka
Formål	Skaffe medlemmane vatn med kvalitet som tilfredsstillar myndigheita sine krav. Samvirkeføretaket er basert på allmennyttig verksemd utan kommersielt formål.
Kommunen sin eigarstrategi	Vassverka utfører ei offentleg oppgåve.